



## Statens vegvesen

TONY MARCEL JOHANSEN  
HØGLIVEGEN 19  
5310 HAUGLANDSHELLA

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/23888-2

Dykkar referanse:


Vår dato:  
08.05.2017

### Uttale – Utvida bruk av avkøyrsløype – Fv. 565 – Gnr. 134 bnr. 149 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om utvida / endra bruk av avkøyrsløype mottatt 16.02.2017.

#### Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld endra / utvida bruk av avkøyrsløype til gnr. 134 bnr. 149, *vår referanse Fv. 565 hp. 2 km 0,569* i Lindås kommune. Det er i dag ein påståande fritidsbustad på eigedomen, men du vurderer å oppføre ein heilårsbustad. Det er ikkje klart om eigedomen har eit avkøyrsløype i dag, men tiltaket vil uavhengig av det utløyse krav til søknad om endra bruk av avkøyrsløype etter veglova. Eigedomen ligg eit område som er avsett til noverande bustad jf. Kommunedelplan (KDP) for Alversund (2004).



#### Situasjonskart

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Opplysning om saksgang:**

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. I dette tilfellet må det mellom anna søkjast om dispensasjon frå det generelle plankravet som er heimla i føresegnene til KDP for Alversund.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale frå oss i saka, som du kan legge ved søknad om dispensasjon til Lindås kommune.

**Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:***Tekniske opplysningar:*

Tiltaket ligg langs Fv. 565, like nord for Alversund bru på austsida av vegen. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 6300. Vegstrekninga er klassifisert til Haldningsklasse 2 jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar langs riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*.

Riks- og fylkesvegnettet er delt inn i 5 funksjonsklassar etter vegen sin transportfunksjon. Fv. 565 er klassifisert som «Primær fylkesveg» og er omklassifisert frå riksveg etter regionreforma i 2010. Vegen har såleis ein viktig funksjon i det overordna regionale vegnettet.

*Vegvesenet si vurdering av saka:*

I Rammeplan er vegstrekninga klassifisert til haldningsklasse 2. Det vil mellom anna seie at vegen har ein viktig hovudfunksjon i det overordna vegnettet. Det vert vanlegvis ikkje gjeve løyve til utvida bruk utan at det føreligg ein reguleringsplan. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden.

Avkøyrsla ligg lenger nord enn egedomen, og er regulert gjennom ein eldre reguleringsplan for Hilland (1995). Denne planen syner ei rundkøyring i krysset mot fv. 565. Denne rundkøyringa er ikkje realisert. Det er uvisst kor tid den vert bygd og om han lar seg realisere slik den er regulert. Det er og eit pågåande planarbeid for ny områdeplan for Alversund, der ein mellom anna skal sjå på plassering av ny Alversund bru.

Di fleire brukarar det vert i ei avkøyrsla, di strengare vert krava vil stiller til teknisk utforming.

I dette tilfellet skal ein også ut i ein overordna veg med relativt høg trafikkbelastning. Vi vurderer at avkøyrsla ikkje tilfredsstillar dei krav vi stiller til utforming og sikt i dag.

Statens vegvesen er i utgangspunktet kritisk til at det kjem fleire brukarar i denne avkøyrsla no. Vi vil difor rå i frå at det vert gjeve løyve til nye bustader før avkøyrslforholda er utbetra og rundkøyring er etablert.

**Vidare saksgang:**

Statens vegvesen utsetjer vidare behandling av søknad om avkøyrslø etter veglova til omsøkt arealbruk og eventuelt plankrav er avklart kommunen som rett mynde.

Dersom Lindås kommune vel å gje dispensasjon i dette tilfellet, ber vi om å få tilsendt saka for klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Tor Høyland  
senioringeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ